



BREMANGER KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Det Kongelige Helse- og Omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
07/1037-2/K2-F10, K3-&13//ÅIK

Dykkar ref.

Dato:
10/31/2007

HøyringsuttaleUttale til forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Bremanger kommune ynskjer å komme med nokre synspunkt på forslaget i høve sterkare rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Vi tykkjer i utgangspunktet at det er bra at ein legg opp til å oppnå større kommunal likskap for kven som får BPA, og at målsettinga om større valfridom og brukarmedverknad vert stetta.

Bremanger kommune har i dag ei overvekt av tenesteyting i heildøgnsinstitusjon. Som omfamnar somatikk, geriatri, psykiatri, rehabilitering, aldersdemens og alzheimer. Psykisk utviklingshemma får tilbod i bemanna bukollektiv, og nokre får tilbod i eigen heim. I tillegg har vi omsorgsbustader. Bukollektiv for eldre BPA er brukt i vår kommune der det er eit sterkt ynskje frå brukar eller pårørande om dette tilbodet, og etter ein fagleg vurdering frå kommunen si side. Bremanger kommune har store utfordringar i høve å rekruttere nok helsepersonell på alle nivå.

Departementet ber spesielt om kommentarar til fylgjande spørsmål:

1. I kva grad vil dei føreslåtte endringane føre til at eit større tal brukarar ynskjer tenestene organisert som BPA? Frå kva gruppe vil dette særleg skje? Kva vil vere tenesteomfanget til desse gruppene? Korleis vil dette påverke dei økonomiske og administrative konsekvensane av ordninga (for kommunen, og for staten)?

Med ein lovfesta rett til BPA vil truleg fleire nytte seg av den retten. Det er ei kjend sak at mange ynskjer å få tenestene dei har trong for knytte til eigen heim, og med få og kjende personar som tenesteytarar. Vi har i vår kommune mange psykisk utviklingshemma born/unge/vaksne. Dei har i dag eit omfattande tenestetilbod, mange med ein til ein bemanning. Fleire brukarar får tilbod i eigen heim pr i dag. Andre brukarar som ein kan anslå vil nytte denne retten er unge brukarar med behov for rehabilitering, (etter sjukdom/ulykker). Brukarar som er ramma av nevromuskulære sjukdomar, psykisk utviklingshemma, psykiatri og trafikkskadde. Det kan og vere andre brukarar som her ikkje er nemnt.

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:
57 79 63 00
57 79 63 01

E-post / web:
aik@bremanger.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

Med ein slik utvida rett vil kommunane stå overfor store utfordringar både økonomisk og ikkje minst personellmessige vanskar. Vi spreiar tenestetilbodet vårt til små einingar som vil krevje meir administrasjon, auka bemanning, og er kostnadskrevjande. Vi får små og sårbare system. Vi har erfaring med at der vi yter tenester i små einingar har vi vanskar med å få tak i nok personell, og må "ty til ad hoc" løysingar som ikkje er gode nok.

Det er med bekymring at ein frå departementet si side legg opp til å gje brukarar auka rettar utan at ein gjev kommunane midlane som trengs for å stette brukarane sine krav. Vi ser frå vår kommune at dette heilt klart vil bety auka kostnad når desse rettane er gjeldande.

2. Bør kommunen eller brukaren bestemme arbeidsgjevarforholdet?
Bør brukaren bestemme kven som skal vere assistentar?

I vår kommune har kommunen vore arbeidsgjevar ved bruk av BPA. I små kommunar der det private markedet er lite, om det i det heile teke finnes, er vala små for brukarane til å velje private aktørar. Men det vil vere viktig at ein har som mål å samarbeide godt brukar/kommune slik at ein får til ein god og tillitvekkjande teneste. Vi må sørgje for at kvaliteten på tenestene er av høg kvalitet, og det er derfor naudsynt med god opplæring og systematisk kompetanseheving for å nå dette målet. Skal vi gå god for tenestene vi yter må vi få kvalitetssikre dei, og vere med å bestemme kven som skal yte omsorgsteneste til våre brukarar. Då ligg det i botn at brukaren skal takast med på råd, og bli lytta til.

3. Uavhengig av kven som har arbeidsgjevaransvaret, er det i utgangspunktet brukaren som skal ha arbeidsleiaransvaret for assistenten. Bør kommunen, pårørande eller hjelpeverje ha arbeidsleiaransvar dersom brukaren sjølv ikkje er i stand til å ivareta dette?

Dette vil variere frå sak til sak. I ei sak vil det vere naturleg at pårørande har dette ansvaret, i andre kommunen osv. Men ein kjem aldri utanom at ein i enkelte høve kan ha ulike synspunkt, som ender i konflikt. Ei klagesak til Fylkesmannen vil då vere naudsynt om ein ikkje vert einige.

Med helsing

Åse-Iren Korneliussen
rådgjevar